


Økonomiske hovudtal

Nedanfor er det presentert nokre hovudtal frå Giske kommune sin rekneskap for 2020 (1 000 kr)

	Regnskap	Reg. budsjett (med endring)	Oppr.budsjet	Regnskap	Avvik frå
	2021	2021	2021	2020	Budsjett
Sum driftsinntekter	766 307	703 737	688 871	696 939	77 436
Sum driftsutgifter	725 721	682 248	671 193	683 706	54 529
Brutto driftsresultat	**40 586**	**21 488**	**17 679**	**13 233**	**22 907**
	-	-	-	-	-
Netto finansutgifter	- 47 060	- 53 502	- 49 375	- 58 370	2 316
	-	-	-	-	-
Motpost avskrivninger	39 503	39 503	39 185	39 185	318
	-	-	-	-	-
Netto driftsresultat	**33 029**	**7 489**	**7 489**	**- 5 951**	**25 540**

Kommunen sine driftsinntekter var 766,3 mill. kr mot justert budsjett på kr 703,7mill.kr. Ein auke på 62,6 mill.kr i høve budsjettet. Av dette kjem 45,2 mill. kr av meir inntekter frå overføringar med krav til motytelse (statlege tilskott, sjukepengerefusjon mm.) som har motposter i driftsutgiftene.

Kommunen sine driftsutgifter var 725,7 mill.kr mot justert budsjett på 682,2 mill. kr. Auken på kr 43,4 mill.kr skriv seg frå auke i lønsutgifter med 30,2 mill.kr. Auka lønsutgifter må ein sjå i samanheng med sjukelønsrefusjon som er ein del av kommunen sine driftsinntekter. Tilskott som ikkje er brukte i året vert overført til bundne fond.

Kjøp av varer og tenester blei 231,1mill. kr mot justert budsjett på kr 225 mill.kr. Ein auke på 6 mill.kr. Den største auken kjem av kjøp av tenester frå private og er stort sett knytt til kjøp av helsetenester.

Overføring og tilskott til andre vart 28,3 mill.kr og var budsjettert med 22,4 mill. kr. Auken på 5,9 mill. kr kjem av høgre overføringar som følge av støtte knytt til koronapandemien, både til næringslivet og private barnehagar.

Kommunen sine netto finansutgifter vart kr 47 mill. kr og var budsjettert med 53,5 mill.kr. Avkastninga på finansinntektene var 11,7 mill. kr mot budsjettert 6 mill.kr, medan renteutgiftene vart 4,3 mill. kr lavere enn budsjettet.

Endeleg beregning av minsteavdrag viser at Giske kommune har budsjettert med for lavt avdrag. Avdraget vart kr 470 000 høgre enn budsjettert.

Giske kommune hadde i 2021 eit netto driftsresultat på 33,029 mill.kr. Til samanlikning var netto driftsresultat i 2020 på -5,951 mill. kr, dvs. ei betring av netto driftsresultat på 38,980 mill. kr.

Nøkkeltall

	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	5,3	1,90	0,73	2,86	3,80	3,58
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	4,31	-0,85	1,06	-0,51	2,24	0,86

Brutto driftsresultat (BDR)

Brutto driftsresultat viser resultat av ordinær verksemd inkludert avskrivingar. Resultatet uttrykker kommunen sin evne til å betene gjeld, finansiere investeringar og setje av midlar til fond. Brutto driftsresultat i andel av brutto driftsinntekter er på 5,3 prosent i 2021 mot 01,9 prosent i 2020.

Netto driftsresultat

Den viktigaste indikatoren på handlingsrommet for ei kommune er netto driftsresultat. Netto driftsresultat viser resultat etter at renter, avdrag og utlån er belasta rekneskapen og er den delen av overskotet som er disponibelt som egenkapital til investeringar, avsetningar og dekning av tidlegare års underskot.

Netto driftsresultat i perioden 2012 – 2019: %)

Teknisk berekningsutval anbefaler at netto driftsresultat er 1,75%. Med unntak av 2016 og 2017 har Giske kommune ikkje klart å halde dette nivået sidan 2013.

Dersom ein trekker ut årets utgiftsførte premieavvik m/arbeidsgiveravgift på kr 6 112 000 hadde Giske kommune eit "korrigert netto driftsresultat på 39,1 mill. kr eller 5,11 %.

Giske kommune har som mål eit driftsresultat på minst 3 - 5% for å bygge opp disposisjonsfondet slik at kommunen kan få ein berekraftig økonomi.

Resultatet for 2021 gir grunnlag for å styrke dei kommunale reservane gjennom styrking av disposisjonsfondet.

KOSTRA

	2021	2021	2020	2020	2019	2019
	1532 Giske	1532 Kostragruppe 1	1532 Giske	1532 Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 10
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	5,4	3	2,1	0,6	0,6	-1,1
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	4,5	3,6	-0,5	0,9	-1	0,2
Frie inntekter i kroner per innbygger	63 118	64 828	58 235	60 403	56 166	55 927

Endring av kostragruppe frå 2019 til 2000 kjem av ein revisjon av kommunegrupperingane som følge av kommunereforma.

Giske har mindre i frie inntekter i kroner per innbyggar enn gjennomsnittet i kostragruppe 1, men kjem Giske betre ut både i brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter og netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter enn kostragruppe 1. Dette skriv seg i hovudsak frå den gode skatteinngangen Giske hadde i 2021.